



Vestnes kommune
Rådhuset
6390 VESTNES

Saksbehandlar, innvalstelefon

Jorunn Mittet Eriksen, 71 25 84 10

Vestnes kommune - Detaljreguleringsplan for Sjøgata 17 Fråsegn til 2.gongs høyring - Trekking av motsegn

Statsforvaltaren er statens representant i fylket og har fleire roller og oppgåver innan planlegging etter plan- og bygningslova. Ei viktig oppgåve for Statsforvaltaren i kommunale planprosessar er å sjå til at nasjonale og viktige regionale omsyn blir ivaretatt i planarbeidet. Fagområde som miljøvern, landbruk, helse, oppvekst og samfunnstryggleik står sentralt. I tillegg skal Statsforvaltaren sikre at kommunale vedtak i plan- og byggesaker er i samsvar med gjeldande lovverk.

Detaljregulering for Sjøgata 17 er sendt på 2.gongs høyring og lagt til offentleg ettersyn. Statsforvaltaren har ut frå sine ansvarsområde følgande merknad til revidert planforslag:

Utfylling

Grense for fyllingsfot er markert i plankartet. Planomtalen og føresegner er derimot uklar i høve denne grensa, da det er opna for at endeleg fyllingsfot kan avvike frå dette.

Vi rår til at ein avklarar sjødybde og utforming av fylling i plansaka, og ikkje utsett dette til seinare. Det er registrert svært viktig naturtype blautbotnsområde i fjorden som kan bli negativt påverka av ei eventuell utfylling. Om avklaring av fyllinga ikkje er tilfredsstillande gjort i plansaka vil vi følgje det opp i handsaminga etter forureiningslova. Vi gjer merksam på at det ikkje er pårekneleg å få løyve til å fylla ut meir enn det som er vist i plankartet. Vi rår difor til at dette blir tilstrekkeleg avklart før reguleringsplanen blir godkjent.

Barn og unge

Vi fremma motsegn til 1.gongs høyring fordi støy ikkje var avklart for leikeplassen samt at det ikkje var stilt tilstrekkeleg funksjonskrav. Vi rådde også til at leikeplassen vart trekt unna tilkomstveg til parkeringsanlegget.

Leikeplassen er flytta til sjøsida. Her er leikearealet skjerma for støy. Det er også satt tilstrekkeleg med funksjonskrav til opparbeiding. Vi **trekker difor motsegna** vi fremma i brev av 10.03.2022.

Med helsing

Ulf Lucasen (e.f.)
ass. miljøverndirektør

Jorunn Mittet Eriksen
rådgivar

Dokumentet er elektronisk godkjent.

Kopi til:

NVE VEST

STATENS VEGVESEN

MØRE OG ROMSDAL FYLKESKOMMUNE

Naustdalsvegen 1B

Postboks 1010 Nordre Ål

Postboks 2500

6800 FØRDE

2605 LILLEHAMMER

6404 MOLDE